



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 07.03.2022
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
ST 14/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
ST 15/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
ST 16/22	Orienteringer
RS 14/22	Referatsaker
RS 15/22	Innvilga søknad om utviding av dispensasjon til motorferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde
RS 16/22	Omgjøring av vedtak og nytt delegert vedtak om kjentmannskjøring i verneområdene Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, Sandnes Røde Kors
RS 17/22	Tillatelse på søknad om dispensasjon til å bruke snøskuter for å frakte gjerdemateriale i verneområdet for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, Åseral kommune
RS 18/22	Søknad om dispensasjon til å kjøre med snøskuter for å frakte gjerdematerial i verneområde Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, Åseral kommune
RS 19/22	Revidert løyve. Innvilga søknad om bruk av snøscooter til Låghellerbui 50/10 Olav Kåre Bø. Valle kommune.
RS 20/22	Innvilga søknad om snøscooterløyve i verneområdet SVR. Røynlivatnet 2/4 Atle Korsmo. Bygland kommune.
RS 21/22	Innvilga søknad om bruk av snøscooter til kvisting av vinterløype Krossloskardet - Langvatn. Hovden hytteservice. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bykle kommune.
ST 17/22	Søknad om utviding av fritidsbustad i Hovden landskapsvernområde. Gnr. 1, bnr. 45 i Bykle kommune.
ST 18/22	Prioritering av tiltaksmidlar for 2022
ST 19/22	Eventuelt

ST 14/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

ST 15/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 16/22 Orienteringer

RS 14/22 Referatsaker

RS 15/22 Innvilga søknad om utviding av dispensasjon til motorferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde

RS 16/22 Omgjøring av vedtak og nytt delegert vedtak om kjentmannskjøring i verneområdene Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, Sandnes Røde Kors

RS 17/22 Tillatelse på søknad om dispensasjon til å bruke snøskuter for å frakte gjerdemateriale i verneområdet for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, Åseral kommune

RS 18/22 Søknad om dispensasjon til å kjøre med snøskuter for å frakte gjerdematerial i verneområde Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane, Åseral kommune

RS 19/22 Revidert løyve. Innvilga søknad om bruk av snøscooter til Låghellerbui 50/10 Olav Kåre Bø. Valle kommune.

RS 20/22 Innvilga søknad om snøscooterløyve i verneområdet SVR. Røynlivatnet 2/4 Atle Korsmo. Bygland kommune.

RS 21/22 Innvilga søknad om bruk av snøscooter til kvisting av vinterløype Krossloskardet - Langvatn. Hovden hytteservice. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bykle kommune.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/528-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 22.02.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	17/22	07.03.2022

Søknad om utviding og fasadeendring på fritidsbustad i Hovden landskapsvernområde. Gnr. 1, bnr. 45 i Bykle kommune.

Vedlegg:

1 Søknad 1_45

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Jorunn Blindheim, gnr. 1, bnr. 45 i Bykle kommune, løyve til å utvide eksisterande fritidshytte med inntil 2 m² BYA på fritidsbustaden i Hovden landskapsvernområde. Storleik på fritidsbustaden skal etter dette vera maksimalt 43 m² BYA. Samla areal på fritidsbustad og uthus vil etter dette vera på 50 m² BYA.

Maksimalt tillate mønehøgde målt frå bakkenivå til topp møne, og som gjennomsnitt på nordvegg og sørvegg, skal vera maksimalt 4,7 meter, og med tak utforma som saltak. Løyvet gjeld også innsetting av fleire og noko større vindaug.

Løyvet vert gjeven på følgjande vilkår:

- Før igangsetting skal det sendast inn reviderte teikningar i tråd med vedtaket. Teikningane skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.
- Alt bygningsavfall skal samlast inn og leverast på godkjend mottak
- Tiltakshavar må også hente inn godkjenning frå Bykle kommune.

Løyvet gjeld fram til 6.3.2025. Forvaltningssekretariatet skal ha melding så snart arbeidet er avslutta.

Med heimel i *verneforskrifta for Hovden landskapsvernområde* kap IV pkt. 1, vert det gjeven avslag på utviding utover eit samla areal på 50 m² BYA for fritidsbustad og uthus, samt mønehøgde utover nemnde 4,7 meter.

Som grunngeving legg verneområdestyret vekt på at fritidsbustaden ligg i ei lisode i bjørkebeltet langs vegen til Galten og er lite eksponert i landskapet. Ei forsiktig utviding og skifte av vindauge vil ikkje endre dette. Tiltaket vil såleis ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret vil halde fast føringane gjeven i forvaltningsplanen kap. 2.3.4 om maksimalt tillate utviding til 50 m² BYA på fritidsbustader inkludert uthus. Utviding slik det er søkt om er isolert sett lite, men eit fråvik frå grensene sett i forvaltningsplanen vil danne presedens for utviding på andre fritidsbustader i verneområdet. Verneområdestyret legg også vekt på at Hovden landskapsvernområde er eit viktig vinterbeiteområde for villrein og med viktige trekkpassasjer mellom aust og vestheia. Områda er frå før sterkt påverka av ferdsel og tyngre infrastruktur. Fleire små tiltak vil samla sett, og over tid, kunne forverre situasjonen.


Saksopplysninger

Jorunn Blindheim har søkt om utviding av eksisterande fritidsbustad liggjande nord for vegen til Galten i Hovden landskapsvernområde i Bykle kommune. Hytta er bygd i 1967 og er på 41 m² BYA. I tillegg eit uthus på 7 m² BYA, totalt 48 m² BYA. Det er søkt om å utvide hytta med 4 m² BYA mot aust. I tillegg heve taket med 80 cm. til 5 meter.

Det er også søkt om å sette inn nye og større vindauge.

Tiltaket er grunngeven med ønskje om å få plass til eit enkelt våtrom samt ein meir funksjonell romløyising. Som del av søknaden ønskjer dei også ei vurdering av alternativ takutforming med skråtak. Døme på ei slik utforming er synt med bilete. Sjå søknad vedlegg 1, samt kart og bilete nedanfor.

Kart 1: hytta merka med raudt punkt. Område med grøn skravering er trekkområde for villrein mellom aust- og vestheia. Kjelde: naturbasen.






Eksisterende hytte:




Fasade etter utviding:





Planteikning:



Alternativ takutforming med skråtak (døme):





Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Hovden landskapsvernområde av 5.9.1986.
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lieslevatn naturreservat. Godkjend 2019.

Heimelsgrunnlag

Føremålet med vern av Hovden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert naturlandskap som er eineståande i sitt slag i fylket. I verneområdet finn ein store, samanhengjande myrområde, som til saman inneheld eit vidt spekter av myrtypar, og ein finn særmerkte spor frå siste istid som t.d. terrassar, daudisgroper og morenar. Både myrene og lausavsetningane er av stort verd for undervisning og forskning.

Etter verneforskrifta kap. IV pkt. 1 er det forbod mot alle inngrep som vesentleg kan endre landskapet. Dette gjeld til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar.

Etter forvaltar si vurdering er tiltaka det er søkt om forbode etter verneforskrifta. Saka må difor handsamast som ein dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtaket). Etter denne paragrafen kan forvaltningsmyndigheita gjere unntak frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vurdering

Tiltaket er isolert sett lite, men det legg samstundes føringar for tilsvarande utviding på andre fritidsbustader i verneområdet.

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 - 12

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)


Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), GPS-merkeprosjektet i regi av NINA og forvaltningsplanen.

Vegetasjonen i Hovden lvo varierer frå rike bjørkeskogar og myr til rabbar og viddepreg etter kvart som høgda aukar. Verneføremålet er særleg knytt til dei mange rike myrområda. Desse er også påverka av myrslått som har bidrege til særmerkt vegetasjon. I Hovden lvo finn ein einaste lokaliteten av fjelljo i Agder. Lappsporv er ein annan art som finnast i området og som ikkje er så vanleg å sjå andre stader i Agder. Hovden lvo er rikt på automatisk freda kulturminne frå tida med jernutvinning. Næraste lokalitet frå aktuelle hytte er tuftar 150 meter sør-vest for hytta.

Hytta ligg innanfor Setesdal Austhei villreinområde. Områda nord for Hovden er særleg viktige vinterbeiteområde for villrein. Frå hytta er det kort veg til Galten der det ofte er mykje villrein gjennom vinterhalvåret fram til slutten av mars månad. Kartutsnitt 2 nedanfor syner GPS-data

frå merkte villrein månadane november – mars i perioden 2007 – 2018. Vegen til Galten synast om lag midt i kartet.

Kart 2: GPS-data frå villrein november – mars månad



Hytta ligg også i kanten av trekkzone for villrein mellom aust- og vestheia. Sjå kart 1 ovanfor. Utvekslinga av villrein mellom områda har jamt over våre liten dei siste åra. Truleg skuldast dette kombinasjon av trafikken på rv 9 og generelt mykje ferdsel ut frå hytteområda. Relativt låg stammestorleik dei siste åra kan også spele inn.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda som vert råka av transporten.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Innafor vernegrensa ligg det høvesvis 7 – 8 fritidsbustader og 3-4 driftshusvære knytt til gardsbruka. I Hovden landskapsvernområda er det mykje ferdsel ut frå dei store hyttefelta på Hovden. Vinterstid vert det preparert skiløyper fleire stader i verneområdet. Sjølve Galten er eit mykje nytta turmål sommar og vinter. Enklaste tilkomst er via vegen opp til Galten. På hausten er det ein god del ferdsel i samband med elg- og villreinjakt. Rv. 9 kryssar vest i landskapsvernområde. Nord-vest for landskapsvernområde ligg dei regulerte vatna Breidvatn og Sæsvatn. Heilt sør-aust i landskapsvernområdet ligg turisthytta Tjørnbråtbu med tilhøyrande løypenett. Frå Hovden er det grei dagsturavstand inn til turisthytta.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltak vert gjennomført på ei miljømessig god måte.



Vurdering etter naturmangfoldlova § 48.

Det kan gjevast dispensasjon frå verneforskrifta om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Tiltaket er isolert sett lite, men det legg samstundes føringar for kva som vert tillate på andre fritidsbustader i verneområdet. I forvaltningsplanen er det for fritidsbustader sett ei øvre grense på 50 m² BYA for utviding, inkl. storleik på uthus. I motsetnad til landbruksbygg er det for fritidsbustader ikkje gjeven opning for utviding utover denne storleiken. For mønehøgde gjeld ei øvre avgrensing på 4,5 meter og med krav om saltak.

Forvaltar vil på bakgrunn av dette tilrå at det vert gjeven løyve til utviding men avgrensa til krav som er stilla i forvaltningsplanen knytt til storleik og utforming av tak (saltak). Ei mindre auka av mønehøgda til 4,7 meter bør kunne akseptast.

Hytta ligg tett ved vegen til Galten, og liggjande i ei lisode i bjørkebeltet er den lite eksponert i landskapet. Ei forsiktig utviding vil ikkje endre dette. Nye større vindauge vil gjere hytta noko meir synleg men det vurderast likevel å vera innafor det ein bør kunne tillate av fasadeendring på ein fritidsbustad.

Eit utviding som beskrive vil ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Omsyn til villreinen er ikkje del av verneføremålet men det må likevel leggast vekt på dette i vurderinga. Vinterbeitene nord for Hovden samt trekkområda mellom aust og vestheia er frå før under sterkt press frå ferdsel og tyngre infrastruktur. Om eit bygg vert utvida med to eller fire kvadratmeter er sjølvstøtt ikkje avgjerande i den samanheng, men fleire små tiltak vil samla sett og over tid, kunne forverre situasjonen.

Ved å tillate eit mindre tilbygg, og lågare mønehøgde enn det er søkt om, må tiltakshavar sender inn reviderte teikningar.

Konklusjon

Det vert gjeven løyve til utviding av fritidsbustaden men avgrensa til maksimalt storleik 43 m² BYA etter utviding. Bygningen skal ha saltak. Maksimalt tillate mønehøgde er 4,7 meter målt frå bakkenivå til topp møne.

Haug, Jørn Trygve

Fra: Jorunn Blindheim <jorunn.blindheim@osloskolen.no>
Sendt: mandag 21. februar 2022 23:13
Til: Haug, Jørn Trygve
Emne: Søknad om utvidelse av hytta, Galteveien 19
Vedlegg: A10 Situasjon_utomhus.pdf; Fasader.pdf; Plan 1.etasje.pdf; Snitt.pdf

Kategorier: Arkivert i Elements

Til Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvalter

Her kommer en ny søknad med nye tegninger for vårt ønske om å utvide hytta, som har adresse Galteveien 19 på Hovden. Hytta ligger innenfor Hovden landsskapsvernområde, og vi ønsker at vernestyret behandler vårt ønske om en utvidelse og fasadeendring.

Nåværende hytta er 41 m² BYA. I tillegg så har vi et lite uthus på 7 BYA. Totalt er dette 48 m² BYA.

Den justerte tegningen viser at den ene veggen er utvidet med 0,7 m mot øst. Totalt er dette 4 m².

I tillegg så ønsker vi å heve taket med 80 cm. Nåværende mønehøyde er 4,20 m.

Vi ønsker også å sette inn nye vinduer. Vedlagt finner du tegninger som viser endringene. Det er også aktuelt for oss å tenke en annen løsning på taket. Jeg har også sendt en e-post med bilde av nåværende hytte, og en hytte som viser et alternativt takløft.

Mvh Jorunn Blindheim
(Mob 99364330)



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9848-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 28.02.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	18/22	07.03.2022

Prioritering av tiltaksmidler for 2022

Forvalters innstilling

På bakgrunn av den tildelte ramma på kr 1.500.000,- fordeler verneområdestyret midlane til tiltak i verneområda for 2022 på denne måten:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttevær, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttevær, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttevær, Stovo	Dyraheio/Suldal	30.000
4.	Skjøtsel slåttevær, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	40.000
5.	Skjøtsel slåttevær, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	30.000
6.	Rydding slåttevær, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Evaluering av skjøtselstiltak	Øyastøl/Hjelmeland	25.000
8.	Brenning av kratt ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
9.	Bekjemping av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	30.000
<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>			260.000
<u>Andre tiltak</u>			
10.	Rydding av søppel langs stien til Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	20.000
11.	Utbetring av ferdseisveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000
12.	Informasjonsprosjekt i Jøsenfjorden	Vo.heia/N.heia/Hjelmeland	55.000
13.	Restaurering av Leirdalshytta	Dyraheio/Suldal	30.000
14.	Utbetring av kløvveg til Steinkilen	Dyraheio/Suldal	30.000
15.	Ferdsestelling på anleggsvegar	SVR/Sirdal	75.000
<i>Sum andre tiltak</i>			260.000
<u>Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar</u>			



16. Prosjektering av dagsturhytte, Hovdenuten	SVR/Bykle	200.000
17. Informasjonsskilt på Bortelid	SVR/Åseral	80.000
18. Informasjonsskilt i Solheimsdalen	SVR/Sirdal	80.000
19. Informasjonsskilt på Ådneram	SVR/Sirdal	115.000
20. Informasjonsskilt på Knaben	SVR/Kvinesdal	40.000
21. Informasjonsskilt Høgaleite	Frafjordheiane/Gjesdal	115.000
22. Informasjonsskilt Røssdalen	Frafjordheiane/Gjesdal	120.000
23. Informasjonsskilt ved Galten	Hovden/Bykle	35.000
24. Informasjonsskilt Fundingsland	Nordraheia/Hjelmeland	35.000
25. Informasjonsskilt Førrevassdammen	Lusaheia/Hjelmeland	25.000
26. Informasjonsskilt Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	35.000
27. Villreininformasjon på Haukeliseter		27.000
<i>Sum tiltak på innfallsportar</i>		907.000

Ekstratiltak frå Statsforvaltaren i Agder

28. Skjøtsel av slåtteområde i Hisdal	Hisdal/Bykle	43.000
29. Skjøtsel av Flottstøylmyra	Hovden/Bykle	30.000
<i>Sum ekstratiltak</i>		73.000

Total sum **1.500.000**

Saksopplysninger

På bakgrunn av vedtak i AU sak 60/21, meldte verneområdestyret inn behov for tiltaksmidlar for 2022 til Miljødirektoratet. Den totale søknadssummen var på kr 1.790.000,- og 29 ulike tiltak i verneområda vart prioritert i denne rekkefølga:

Tiltaksmidlar:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtseltiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåtteområde, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåtteområde, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåtteområde, Stovo	Dyraheio/Suldal	30.000
4.	Skjøtsel slåtteområde, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	40.000
5.	Skjøtsel slåtteområde, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	30.000
6.	Rydding slåtteområde, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Evaluering av skjøtseltiltak	Øyastøl/Hjelmeland	25.000
8.	Brenning av kratt ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
9.	Bekjemping av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	30.000
	<i>Sum pågåande skjøtseltiltak</i>		260.000
<u>Andre tiltak</u>			
10.	Rydding av søppel langs stien til Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	20.000
11.	Utbetring av ferdsselsveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000
12.	Informasjonsprosjekt i Jøsenfjorden	Vo.heia/N.heia/Hjelmeland	55.000



13. Restaurering av Leirdalshytta	Dyraheio/Suldal	30.000
14. Utbetring av kløvveg til Steinkilen	Dyraheio/Suldal	30.000
15. Ferdselstilling på anleggsvegar	SVR/Sirdal	75.000
<i>Sum andre tiltak</i>		260.000
<u>Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar</u>		
16. Prosjektering av dagsturhytte, Hovdenuten	SVR/Bykle	200.000
17. Informasjonsskilt på Bortelid	SVR/Åseral	80.000
18. Informasjonsskilt i Solheimsdalen	SVR/Sirdal	80.000
19. Informasjonsskilt på Ådneram	SVR/Sirdal	115.000
20. Informasjonsskilt på Knaben	SVR/Kvinesdal	40.000
21. Informasjonsskilt Høgaleite	Frafjordheiane/Gjesdal	115.000
22. Informasjonsskilt Røssdalen	Frafjordheiane/Gjesdal	120.000
23. Infoformasjonsskilt Nesflaten	Kvanndalen/Dyraheio/Suldal	260.000
24. Informasjonsskilt ved Galten	Hovden/Bykle	35.000
25. Informasjonsskilt Fundingsland	Nordraheia/Hjelmeland	35.000
26. Informasjonsskilt Førrevassdammen	Lusaheia/Hjelmeland	25.000
27. Informasjonsskilt Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	35.000
28. Villreininformasjon på Haukeliseter		30.000
29. Erosjonstiltak på stiar		100.000
<i>Sum tiltak på innfallsportar</i>		1.270.000
Total sum		1.790.000

I tillegg vart det meldt inn ytterlegare to tiltak, da Statsforvaltaren i Agder bad verneområdestyret om å ta over ansvaret for to pågåande skjøtselsprosjekt i Bykle. Dette var skjøtsel som tidlegare har vore finansiert gjennom ordninga for utvalde naturtypar, men som ligg i verneområde som verneområdestyret har forvaltningsmynde for. Det vart søk om til saman kr 73.000,- til desse to prosjekta, og den totale søknadssummen vart da kr 1.863.000,-

AU si prioritering av tiltaksmidla for 2022 byggar på signal frå Miljødirektoratet og innspel frå kommunar, lag og organisasjonar i SVR.

Miljødirektoratet har i brev datert 16.11.2021 bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2022. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmeldinga var 10. januar 2022. I tråd med Miljødirektoratet sin instruks vart det meldt inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast. Det er derfor viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane blir prioritert høgt.

I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk



5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltninga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2022. Det gjekk og ut eit brev til kommunane kor ein bad om innspel på kva for tiltak frå besøksstrategien som burde gjennomførast dette året. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioritering av tiltaksmidlar for 2021 var svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert oppstart av nye skjøtelsprosjekt eller tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2022 blir det tredje året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det andre året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av innspel frå kommunane vil tiltak på innfallsportane Bortelid, Høgaleite, Røssdalen, Nesflaten, Solheimsdalen, Ådneram og Knaben bli prioritert. I tillegg blir det vidareføring av arbeida med utbetringa av turstien til Hovdenuten og etablering av ei dagsturhytte på toppen. Ei rekke andre informasjonstiltak frå besøksstrategien blir og prioritert.

Til saman åtte pågåande skjøtelsprosjekt blir vidareført i 2022, og eit av desse blir noko utvida i samsvar med ei evaluering som vart gjennomført i 2021. I tillegg blir vi nøydte til å sette av pengar til bekjemping av den svartelista arten parkslirekne som vart funnen i Nordraheia naturreservat i sommar.

Miljødirektoratet si tildeling vart offentleg 25.02.2022. Her vart verneområdestyret tildelt kr 1.500.000,- til tiltak i verneområda for 2022. Dette var kr 600.000,- meir enn vi fekk for 2021. Miljødirektoratet hadde ingen merknader til tiltaka det vart søkt om, og alle vart dermed vurdert til å være innanfor postføremålet.

Med ei tildeling frå Miljødirektoratet på kr 1.500.000,-, fekk vi kr 363.000,- mindre enn det vi hadde søkt om. Det blir derfor nødvendig med nokre omprioriteringar i høve til behovet for tiltaksmidlar som vart meldt inn i AU sak 60/21.

Vurdering

For å halde seg innanfor den tildelte ramma vil forvaltningssekretariatet foreslå at to tiltak blir tatt heilt ut av lista, mens eit tiltak får ei noko redusert tildeling. Så langt det er mogleg ønskjer forvaltningssekretariatet at pågåande skjøtelsprosjekt skal prioriterast saman med prosjekt som vart påbyrja eller utsett i 2021. Ein ønskjer og å komme i gang med flest mogleg av tiltaka på innfallsportane som er peika ut i besøksstrategien. Samstundes har forvaltningssekretariatet at ein nok har søkt om midlar til informasjonsskilt på litt for mange innfallsportar. Prosessen med å få på plass informasjonsskilt er svært tidkrevjande, så vi har føreslått å utsette dette tiltaket på innfallsporten Nesflaten til 2023 (tiltak nr 23 på lista over innmeldte tiltak i AU-sak 60/21). Ved å utsette dette tiltaket vil ein kunne redusere utgiftene med kr 260.000,-

Tiltak nr 29 «Erosjonstiltak på stiar» vil og kunne utsettast til 2023, og vil medføre ei innsparing på kr 100.000,-. Dei siste kr 3.000,- kan hentast ved å redusere løyvinga til tiltak nr 28 til kr 27.000,-.



Forvaltningssekretariatet kjem i tillegg til å søke om midlar frå Miljødirektoratet sine supplerande tildelingsrundar i juni og november 2022, dersom det skulle vise seg at nokre av prosjekta er underfinansiert. Det er uråd å vite kor om vi får pengar eller store summar dette eventuelt kan dreie seg om.



ST 19/22 Eventuelt